

Preikestolen

KYRKJEBLAD FOR HJELMELAND, FISTER, ÅRDAL,
STRAND, JØRPELAND OG FORSAND SOKN
NR.2, APRIL 2020. 81. ÅRG.



Adresse:

Postboks 188
4126 Jørpeland

Neste nummer av
Preikestolen kjem
i postkassen
ca. 16. juni.
Frist for innlevering av
stoff er 15. mai.

Redaksjon:

Redaktør Olav Frantzen
Tlf. 977 55 271
olav.frantzen1@lyse.net

Jon Vogt Engeland
Liv Åse Gaard
Yvonne Langeland Meltveit
John N. Nessa
Haldis Karine Nilsen
Siv Fossan
Reidunn Ferstad
Kristoffer Nåden Havn

Kyrkja sin kontaktperson:

Liv Åse Gaard
kyrkja@strand.kommune.no

Får de ikkje Preikestolen i
postkassen, kan de ta kontakt
med eitt av kyrkjekontora.
Sjå tlf. nr. s. 26.

Frivillig abonnementspris
pr. år: 250 kr i Hjelmeland,
Strand og Forsand.
Alle utanbygds abonnentar
må betala 250 kr for bladet.

Bankgiro:3205.30.06158
eller Vipps på Preikestolen
kyrkjeblad, eller vipps-
nummer 105004.

Grafisk formgeving:

Marton L Fiskå
marton.fiska@icloud.com

Trykk: Kai Hansen Trykkeri
Opplag: 7400

Framsidedfoto:

Foto: Arvid Tjøstheim
(Sivsanger ved Nordlandsvatnet)

Innhald nr. 2-2020:

Dei ofra livet.....	Side 3
Freden i 1945.....	Side 4
Kleshengaren og krigen.....	Side 5
Å tilgi sine fiender.....	Side 6
Bygginga av Tau kyrkje er i rute.....	Side 9
Gospel Workshop.....	Side 10
Sokneråda er 100 år.....	Side 13
Velsigna vår usemje.....	Side 14
Dåpsfart og bjørnedrap i Lysefjorden.....	Side 16
Frå Strand menighetsblad 1954-57.....	Side 18
Er virkelig ingenting umulig for Gud?.....	Side 20
Brev fra Forsandbu på spennende oppdrag.....	Side 20

Redaktøren har ordet

*E*t hovudtema i denne utgåva av Preikestolen, er fred, tilgjeving og forsoning. 8. mai er det 75 år sidan krigen var slutt i Norge. Har du nokon gong tenkt på at rettsoppgjeret etter krigen tok ganske kort tid, og at land og folk som stod på kvar si side av fronten, etter fire år var medlemmer i den same forsvarsalliansen? Handlar dette om tilgjeving og forsoning, eller var det berre politisk fornuftig som eit bolverk mot kommunismen?

Også i 2020 er det mange væpna konfliktar, men i desse dagar kjempar folk i alle land også ein annan kamp, krigen mot ein usynleg fiende, eit virus som trengjer seg på, og som me gjer alt me kan for å sleppa unna. Me trur på at det skal gå over, men me veit ikkje kva tid, og me veit ikkje kor ille det blir før det blir betre.

Gudstenester og samlingar har vore avlyste sidan 12. mars, men datanettet fungerer, og mange kommuniserer på nye måtar. Me har soknerådsmøte, komitemøte og styremøte der me kan sjå og høyra kvarandre utan å møtast fysisk. Prestar og organistar held minigudstenester og andaktar på nettet, og musikarar held konsertar via Facebook eller YouTube. Me finn løysingar, men sjølvstøtt kan ikkje dette fullt ut erstatta alle dei møta mellom menneske som me har til vanleg. I dag på palmesøndag skulle eg gjerne ha vore på gudsteneste, men kyrkja var stengt. I staden har eg sett og høyrte minigudsteneste både frå Forsand kyrkje og Strand kyrkje. Det var fint.

Når dette vert lest, har det vore ei spesiell påske. Du fekk ikkje reisa på hytta eller på den sydenturen du hadde bestilt. Du fekk sannsynlegvis heller ikkje besøk av barn eller barnebarn. Me møtte ikkje kvarandre i kyrkja eller på bedehuset, men påska vart ikkje avlyst! Påska og påskebodskapen vert aldri avlyst. Kanskje vart denne bodskapen til og med viktigare for deg dette året?

Olav Frantzen

Dei ofra livet

*L*ike ved inngangen til Hjelmeland kyrkje står ei minnestøtte over tre unge Hjelmelandsbuar som vart avretta av tyskarane under krigen. Birger Åsland, Oliver Mjølhus og Magnus Tuntland engasjerte seg i motstandsarbeidet i ein tidleg fase av krigen. I samband med eit mislykka fluktforsøk til England vart dei arresterte 23.2.1942, og avretta på Nannestad same året.

Fredsåret, nærare bestemt 6. september, var det gravferd for dei tre i Hjelmelandskyrkja. Ei sterk oppleving for alle som var til stades. Den einaste som slapp frå det med livet i samband med den mislukka flukta, var forfattaren Sigurd Evensmo. Boka hans, «Englandsfarere», handlar om det som skjedde.

Georg Fjellberg, som var smed på Hjelmeland, var den fyrste som mista livet i samband med krigshandlingane. Minnestøtta hans står attmed veggen opp til Gullingen, då han størsteparten av livet budde på Fjellberg i Suldal.

Frå gravferda i Hjelmeland kyrkje september 1945. Foto: Olav Håland, henta frå «Bygdebok for Hjelmeland» s. 463



FREDEN I 1945

Det kom i grunnen som lyn
frå klar himmel. Då nabo
Jørgen heiste flagget, forsto
me at krigen var over!
**Karina Berg Johnsen (94) frå
Jøsenfjorden minnest fredsdagen i 1945 godt.**

Tekst og foto: Haldis Karine Nilsen



Karina Berg Johnsen, f. Gjil, minnest godt fredsdagane for 75 år sidan. Ho er frå Hauge i Jøsenfjorden.

nok hendingane på heimebane som prega henne mest. I løpet av eitt år frå hausten 1941 mista ho faren, svogeren og bestefaren. Ingen av desse hendingane hadde noko med sjølve krigen å gjera. Men likevel sterke inntrykk for ei ung jente, medan livet og kvardagen måtte gå vidare.

MANGELVARER

På gardane var folk sjølvforsynte med det meste. Men Karina hugsar at dei merka at det var fleire frå byen som trekte innover. Mange av dei som brukte å dra på ferie innover om somrane, utvida perioden dei var der. Dessutan var det ein del som dreiv med skoging; i Føre for Stavanger kommune, og på Gil for bakeriet Samhold i Stavanger. Tyskarane såg dei lite til, men registrerte at der fôr båtar til Føre.

- Ein gong stod nabo Astrid og vaska kler. Då stakk plutsleg ein tyskar hovudet inn. Han var på jakt etter ein rømling, men fann ikkje vedkomande.

Karina minnest at det var vanskeleg å få tak i varer som skulle kjøpast, t.d. stoff til sying av kler.

- Men me hadde kontakt med ei dame som dreiv butikk i Nygata, ho var i fjorden ein heil del. Så i byte med smør og kjøt fiksa ho ein del nødvendige varer, fortel Karina og legg til:
- Det med varetilgang var problem lenge etter krigen også. Då systrene mine skulle gifta seg, var det ikkje så enkelt å få tak i det som skulle til.

FRYD OVER FREDEN

Karina hugsar flaggheisinga til naboen som det store signalet på at freden var komen.

- Det kom nokre gledesrop, hugsar eg. Seinare på dagen var me ein gjeng som for med båten «Hauaen» til Hjelmelandsvågen. Der kom folk frå alle kantar, og nokre som hadde gøymt seg for tyskarane i ei hytte, kom køyrande i ein pynta lastebil og vart mottekne nede på kaien, fortel Karina. Ho legg til: - Sister mi, Liva,

” Karina hugsar
flaggheisinga til naboen
som det store signalet på
at freden var komen ”

hadde huspost hjå dokter Hjemdal som budde nede i Vågen. Ho var mykje oppteken med å baka, for doktoren skulle ha gjester! Men me fekk no med oss det som føregjekk likevel, den tunda eg var der. Men eg hugsar at me frå fjorden kunne ikkje vera så lenge. Me måtte vel heim og skjotta dyra! Ikkje alle i Jøsenfjorden drog til Vågen den 8. mai. Karina minnest at nabo Bil-Ola, som hadde lastebil, tok med seg Karina si storesyster Martha og den vesle dottera hennar til Ulladal for å varsle om freden. Ein tur til Ulladal var ikkje kvardagskost!

HEIMKOMST FOR GRINI-FANGANE

Fredsfeiringa var ikkje slutt med den 8.

mai. Karina hugsar at dei som var blitt arresterte året før og sende til Grini, kom heim og vart tekne i mot med blomar og flagg på Vadla få dagar etterpå. Rasmus Hauge leia mottakinga, og lærar Stangeland haldt

tale. Frå Ulladal kom folk marsjerande med heimesydd norsk flagg. Fangane som kom heim var Knut Gil, Olaus Rødlende, Jone og Fina Førre, og Jonas Førre. Jone og Fina vart arresterte under dramatiske omstende hausten før, dagen før sonen Jon skulle gravleggjast etter ein brå død av poliomyelitt.

GEORG FJELLBERG

Sommaren 1946 vart støtta over smeden Georg Fjellberg reist oppe

ved Hetlelia på vegen mot Ulladal. I Stavanger Aftenblad står det at 2000 menneske var til stades under avdukinga. Fjellberg var ein av dei som aldri kom heim etter krigen. Han var frå Fjellberg i Suldal og smed på Hjelmeland. Han vart arrestert, dødsdømt og avretta av tyskarane i 1941 etter å ha skjult våpen. Advokaten hans, Leif S. Rode, skreiv fredsvåren eit dikt om Fjellberg, kalla «Smeden i Hjelmeland». Karina hugsar ikkje Georg så godt. Men ho er glad for at ein no kan feira 75 år med fred, og konstaterer at krig, det er ikkje slikt ein vil oppleve!



Det var ein stor dag då fjordbuane som hadde vore fengsla på Grini, kom heim i mai 1945. Frå venstre: Rasmus Hauge (leiar i velkomstkomiteen), Olaus Rødlende, Fina Førre, Jonas Førre og Knut Gil. Jonas Førre – som også kom heim frå Grini same dagen – er ikkje med på biletet. Bilete frå Bygdebok for Hjelmeland, bd.2, s.462.



Kleshengaren og krigen

Tekst og foto: Haldis K. Nilsen

Eg var i andre tankar medaneg hang opp kler. Plutsleg fall blikket mitt på inskripsjonen på den solide kleshengaren i tre:

«**Rabinowitz As Dresser Frakker**». Det gjekk opp for meg at eg hadde eit førkrigsminne mellom hendene.

Moritz Moses Rabinowitz (1887-1942) var norsk jøde og forretningsmann, busett i Haugesund. Han hadde klesbutikk både i Haugesund og Stavanger i tillegg til Sauda, Egersund og Kristiansand. Han var ein av dei fyrste jødane som vart arresterte under krigen, og enda sitt liv i Sachsenhausen. Dotter, svigerson og det vesle barnebarnet hans, vart også drepne i Auschwitz. Etter krigen var der ingenting att. Det er laga ein film om Moritz Rabinowitz i 2003: «Mannen som elsket Haugesund».

Det er lenge sidan krigen. Likevel er det ikkje så lenge – der er framleis folk som hugsar det som skjedde. Kleshengaren er min. Måtte den minna meg om faren ved framandfrykt og rasisme – og poengtera verdien av fred og fridom i all framtid.



Foto Auschwitz: Ukjent . Foto bibel og kors: Jeff Jacobs på Pixabay

”

*Mitt navn er
Corrie Ten Boom,
og jeg er en morder*

”

Å tilgi sine fiender

Den hollandske kvinnen Corrie Ten Boom forteller om noe som har gjort et sterkt inntrykk på mange. Under annen verdenskrig og den nazistiske okkupasjonen av Holland, hadde Corrie forferdelige opplevelser, og i konsentrasjonsleiren i Tyskland måtte hun tåle mange ydmykelser av vaktene. En gang, lenge etter krigen, sa hun: «Mitt navn er Corrie Ten Boom, og jeg er en morder.»

Tekst: Ole Wollert Meyer, sokneprest i Forsand

Det ble helt stille.

«Dere forstår, da jeg var i fangeleiren, så jeg den samme vekten dag etter dag. Det var han som hånte oss og drev gjøn med oss når vi ble kledd nakne. Han viste sin forakt ved å spytte på oss, og jeg hatet ham. Jeg hatet ham med hver eneste fiber i kroppen. Men Jesus sa, når du hater et annet menneske, er du skyldig i mord. Derfor synes jeg at dere skal vite at dere sitter og hører på en morder.»

«Da vi ble befridd, forlot jeg Tyskland og sverget på at jeg aldri ville vende tilbake» fortsatte Corrie. «Men så en dag ble jeg invitert til Tyskland for å tale. Jeg hadde ikke lyst til å reise dit, men jeg følte at Herren drev meg til å gjøre det. Motvillig dro jeg av sted. Jeg begynte foredraget med å snakke om tilgivelse.

Mens jeg talte, fikk jeg plutselig til min skrekk øye på min gamle fangevokter i forsamlingen. Det var sikkert ikke mulig at han kjente meg igjen. Da han sist så meg, var jeg radmager og sjuk, og håret mitt var raket av. Men jeg kom aldri til å glemme ansiktet hans. Aldri. Mens jeg talte videre, la jeg merke til hvordan ansiktet hans nærmest strålte. Han var tydeligvis blitt en kristen siden jeg så han sist.

ELSK DERES FIENDER

Da jeg var ferdig, kom han fram til meg og sa med et varmt smil: «Kjære søster Corrie, er det ikke fantastisk hvordan Herren tilgir oss?» Så rakte han hånden fram for å hilse på meg. Jeg kunne ikke føle annet enn hat overfor ham. I mitt indre sa jeg til Herren: «Det er ikke noe i meg som noen gang vil kunne elske den mannen. Jeg hater

han for det han gjorde mot meg og familien min. Men du sier at vi skal elske våre fiender. Det er umulig for meg, men alt er mulig for deg. Hvis du vil ha meg til å elske han, må det komme fra deg, for jeg kan ikke føle noe annet enn hat.»

Corrie fortalte at i det øyeblikket visste hva hun måtte gjøre: Rekke fram hånden.

Corrie sa videre: «Gjennom mange år hadde jeg prøvd å adlyde Herren i det skjulte. Nå fikk det meg til å gjøre det vanskeligste jeg kom til å gjøre i hele mitt liv: Jeg rakte fram hånden.» Da skjedde noe uventet og fantastisk: «Etter denne lydighetshandlingen følte jeg det plutselig nesten som om det ble tomt varm olje ut over meg. Samtidig følte jeg ord ble sagt til meg: «Godt gjort, Corrie. Det er slik mine barn skal oppføre seg.» Da ble hatet i hjertet oppslukt, og det forsvant, og den ene morderen omfavnet den andre, men i Kristi kjærlighet.»

Og Corrie konkluderte: «Ja, jeg er en morder, men dere hører på en herlig og vidunderlig befridd og tilgitt morder. Dere må forstå at når jeg elsker så mye, så er det fordi jeg har fått så mye tilgitt.»

TILGIVELSE OG FORSONING HAR EN ENORM SPRENGKRAFT

Vi skal ikke ha levd så lenge før vi erfarer hvor vanskelig det er å tilgi mennesker som har gjort oss vondt. Men det er noe som vi skal strekke oss etter.

Det vi kan gjøre, er å gi noen gode råd som kan være til hjelp med å tilgi våre medmennesker.

FOR DET FØRSTE SKAL VI TILGI ANDRE AV EN EGOISTISK GRUNN

Vi får det så mye bedre selv. Å bære på sinne og hat, er en tung bør å bære gjennom livet. Å tilgi er å gi slipp på sinne og nag en bærer på overfor et menneske, slik at dette ikke slår rot i våre hjerter. For når bitterhet og sinne får rotfeste i hjertet, ja så vil det prege oss mye mer enn vi ofte er villige til å innrømme.

Å tilgi et menneske er ikke noe som andre kan kreve. Men det er en gave som en gir seg selv. Det er egentlig å ta tilbake makten et annet menneske har over en. Når vi tilgir et annet menneske, bryter vi båndene som holder oss nede.



Foto av Corrie Ten Boom: Ukjent

FOR DET ANDRE ER TILGIVELSE EN PROSESS SOM TAR TID

Selv om en bestemmer seg for å tilgi og ønsker det av hele sitt hjerte, så må en regne med at de vonde følelsene ikke forsvinner med det første. På samme måte som det tar tid å lege et åpent sår, så vil det også ta tid å lege sår på følelseslivet. Å tilgi er en helbredelsesprosess. En kan starte med å legge alle de vonde opplevelsene på Gud. Gud er dommeren, han er en rettferdig Gud

og ser all urett som er blitt begått. Men hevnen og dommen hører Gud til. En annen måte å starte helbredelsesprosessen på, er å be for og velsigne vedkommende. Det er ikke lett til å begynne med, men etterhvert går det ofte lettere. Når en er kommet et skritt videre, så kan en kanskje gjøre noe godt for vedkommende som viser at en har tilgitt han eller henne.

Å HOLDE IGJEN TILGIVELSE

Alt dette er vel og bra. Men finnes det ikke tilfeller der en skal holde igjen tilgivelse og heller kjempe mot urett og undertrykkelse? Jeg tror at noen ganger skal en stå opp for seg selv og kjempe. Det har noe med å ikke gå til grunne og bli tilintetgjort som menneske. En psykopat som spiller på andres svake punkter, skal en kjempe mot, for det har noe med overlevelse å gjøre. En som blir mobbet på skolen og får sin

selvfølelse ødelagt, bør vi også oppmuntre til å stå opp mot mobberne. Jeg tror at når en står i relasjoner som er med og ødelegger et menneske, så skal en holde igjen tilgivelse, men kjempe imot. Når man en dag er kommet ut av det vanskelige, så kan man bearbeide opplevelsene ved å starte en tilgivelsesprosess. Dersom det er noen som står midt i vanskelige og ødeleggende relasjoner, vil jeg oppmuntre dem til å søke hjelp fra fagpersoner.

JESU ORD OM TILGIVELSE

Det er ofte komplisert og vanskelig å anvende Jesu ord til oss om tilgivelse. Men det som er viktig er at vi har en tilgivende holdning overfor mennesker vi møter i våre liv. På samme måte som jeg trenger Guds tilgivelse over mitt liv, så må jeg lære å tilgi menneskene rundt meg. Dersom våre liv er fulle av konflikter og uforsonlighet med

mennesker vi omgås, vil det også gå utover våre gudsliv. Vi blir i dag minnet om å tilgi mennesker fordi Gud har tilgitt oss. La oss være rause med tilgivelse, kjærlighet og barmhjertighet mot andre, slik at vi kan ligne vår himmelske Far som er så utrolig god og miskunnssom mot oss!

MATTEUS 18, 21-22

Da gikk Peter til ham og spurte: «Herre, hvor mange ganger skal min bror kunne synde mot meg og jeg likevel tilgi ham? Så mange som sju?» «Ikke sju ganger», svarte Jesus, «men jeg sier deg: sytti ganger sju! (Les gjerne videre Matteus 18, 23-35)

TALE AV CORRIE TEN BOOM:

<https://www.youtube.com/watch?v=3cfp51vLZb4>



Gi fred, å Herre Gud

Gi fred, å Herre Gud, gi fred i våre harde tider!
Stig sterk og nådig til oss ned når vi i avmakt strider!
Gi hjarta fred, å Herre.

2. Gi fred, å Herre Gud, gi fred i våre harde tider!
Stig sterk og nådig til oss ned når vi i avmakt strider!
Gi verda fred, å Herre.

3. Gi fred, å Herre Gud, gi fred i våre harde tider!
Stig sterk og nådig til oss ned når vi i avmakt strider!
Gi evig fred, å Herre.

Norsk salmebok nr. 730. Latinsk salme frå 600- talet. Tysk versjon av Martin Luther 1529. Til norsk ved biskop Johannes Smemo 1965



Formann Øystein Dable i Stangeland Maskin AS ved kyrkjetomta på Tau.

Bygginga av Tau kyrkje er i rute

Tekst og foto: Trond Hjorteland

Bygginga av Tau kyrkje låg i slutten av mars litt føre skjema, og var på det tidspunktet ikkje påverka i særleg grad av koronarestriksjonar – eller andre uføresette hendingar. Tysdag 31. mars skulle heile hovudplata støypast i ein ein-gong. Øystein

Dahle er formann på arbeidsplassen for Stangeland Maskin AS. Han kan fortelja at det går med mellom 100 og 150 tonn armering i bygget og ca. 1000 kubikkmeter med betong. Totalt er det kjørt bort ca. 10500 tonn med masse frå tomta. Over påske er det den andre hovudentreprenøren, Ryfylke Trelast AS, som tar over «stafettpinnen», og då vil det gå ganske kort tid før sjølve

bygget reiser seg. Det er nå planlagt å få til grunnsteinsnedlegging ein gong mellom 17. mai og 17. juni. Dato og klokkeslett vil bli bestemt på eit seinare tidspunkt. Innviing av Tau kyrkje er sett til søndag 12. september 2021.

EN KORØVELSE AV DE SJELDNE

Gospel Workshop

Bilder: Kristoffer Nâden Havn. Tekst: Yvonne Langeland Meltveit (skrevet før de strenge koronatiltakene ble innført)

Chris Tomlins 'Our God' fyller kirkerommet. Jeg er i Jørpeland kirke på Gospel Workshop sammen med Jørpeland Ungdomskor.

HØYT LYDNIVÅ

Halvard Aase tar imot meg i kirkedøra. Vi gjemmer oss litt vekk og håndhilser faktisk i disse koronatider, prøver å spørre ham om noe, men det er ganske høyt lydnivå, så det blir noe knotete. Plutselig blir det stilt. Ei dame snakker på amerikansk til ungdommene i koret. Forklarer noe, gestikulerer og plutselig er lyden på igjen. Alle synger for full hals. Ungdommene er inndelt i tre grupper oppe ved alteret. Sopran, alt og tenor.

BOLLER OG SAFT

Så kommer Mia Raustein fykende, lealaus som hun er. Hun ønsker velkommen til Gospel Workshop! - Vil du ha boller? Saft? I midtgangen står det et bord med boller, saft, frukt kaffe og te. Baksten er som regel laget av noen foreldre eller besteforeldre. Her møtes flere generasjoner på korøvelse.

BESØK FRA SOUTH CAROLINA

Denne uka har ungdomskoret fått besøk fra South Carolina, USA. Åtte gospelsangere er på besøk på Jørpeland for å drive med gospel workshop. Ei uke med gospelsang sammen med Ungdomskoret, voksenkoret Harmoni, og drop in - deltakere, uavhengig av alder og tilknytning. Lørdag blir det

uavhengig om kontingenten er betalt eller ikke. Det er ingen oppmøteplikt, det føres heller ikke fravær. Hensikten er å synge, møte folk og å være til glede og inspirasjon for hverandre. Dessuten er de hverandres forbilder, og skal vi tro ungdommene og de voksne, så er samholdet unikt. Det er rom for alle og det stilles ingen krav til å kunne synge eller til noe som helst egentlig.

Dette er en møteplass for ungdom fra 8. klasse og oppover. Og her er man seg selv, og det er greit. Det er faktisk sånn det skal være.

'HØY PÅ GOSPEL'

Det er helt fantastisk å lytte til en engasjert dirigent og ei som er 'høy på gospel', Mia selvsagt. Hun letter nesten der hun synger og vifter til

ungdommene i midtgangen. Ragnvald har for anledningen flyttet seg fra pianoet til miksepulten. En amerikaner spiller i dag, derfor er han lydmann. - Noen må jo være det og, sier han og smiler.

konsert og søndag blir workshopen å høre under gudstjenesten. Ungdommene stortrives i amerikanernes selskap, det er ikke vanskelig å se.

EN MØTEPLASS

Ungdomskoret startet opp igjen for cirka ett år siden. Halvard Aase er dirigent, Ragnvald Sørensen pianist, Mia Raustein og Åshild Hus er ungdomsledere. Kontingenten er på 50 kroner, men man kan komme

Fornøgte ungdommar på Gospel Workshop





KONGEREGEL!

I et lite opphold i syngingen vinker jeg ned Tora Grødem Mauland. Spør om å få noen ord med henne. Hun stiller gladelig opp. Gospel Workshop er knallkjekt. Hun elsker å synge. 16-åringen synger på det meste som hun kan være med på. Det gir henne enormt med glede. Tora er også med i Soul Children og i blant er hun forsan-ger under gudstjenestene. Hun fortel-ler at miljøet i koret er inkluderende og det finnes kun én regel. - Det er ikke lov å le av noen andre enn Halvard. Det er visst en kongeregel!

EN LITEN ANDAKT

Historiene Halvard serverer før de begynner å synge på øving er visst også et lite høydepunkt. Spennende hva han har funnet på hver gang. Ellers, foruten å synge, er det en liten andakt i pausen. Den holdes stort sett av en voksen, men hvis ungdommene vil bidra, så kan de mer enn gjerne det. Øvingene er på onsdager fra 19.30 til 21. Bare å hive seg på!

SKAM-YO!

Mens jeg pratet med Tora, har det kommet flere ung-dommer til. Charlotte, Gøril Sofie, Sander, Johannes og Truls. - Skriv at ungdom-skoret er skam-yo, sier Sander. Koret er kjempekjekt og det er mye humor innad i gruppen, forteller de. - Me har det løye, sier de og er så hjertens enige. Og av amerikanerne skryter de veldig. -Det er kjekt å gjøre noe annet og å lære noe nytt.

‘BLI – VÆRENDE - NIVÅ’

Og jammen blir de bedre og bedre, og lydnivået stiger og stiger etterhvert som tida går. Da min spørsmålsrun-de var over, var stemningen nesten



på nivået ’bli- værende’, men plikter hjemme kalte og jeg forlot kirka noe ’høy på gospel’ selv. Kanskje ikke like svevende som Mia, men så skal vel det noe til også da...



Praten på kyrkjebakken er ein gammal, god tradisjon. Her etter jubileumsgudstenesta i Årdal 26. mai 2019.

Sokneråda fyller 100 år!

Lov om menighetsråd og menighetsmøte vart vedteken i Stortinget i desember 1920, og i løpet av 1921 skulle det veljast sokneråd/ menighetsråd i alle kyrkjesokn i landet. Desse starta sitt arbeid hausten 1921 eller frå 1. januar 1922.

Tekst og foto: Olav Frantzen

Soknerådet skulle veljast for 3 år om gongen ved offentleg val som vart halde i kyrkja etter ei guds-teneste, og som var kunngjort i god tid på førehand. Det første møtet som er protokollert i **Årdal sokn**, vart halde søndag den 5. feb. 1922 i kyrkja etter gudstenesta. I dette første møtet vedtok dei å yta

hjelp til dei nødlidande i Nord-Norge, dels ved pengeinnsamling som skulle føregå i alle skulekrinsane, og dels «in natura». Kva type naturalia som skulle sendast til Nord-Norge, seier referatet ingenting om.

På det neste møtet, den 6. april, innvilga soknerådet ein søknad frå T.Ø. Tjellfaat om å få bruka kyrkja til misjonsstevne første påskedag med kollekt til Santalmisjonen. Slike søknadar vart ein gjengangar i sokne-rådsmøta i mange år framover. Alle misjons-organisasjonar og mange andre kyrkjelydar og grupperingar søkte om å få leiga eller låna kyrkja til ulike arrangement. Det kunne vera til gudsteneste, misjonsstevne, kristne møte eller konsertar. Som regel vart søknadane innvilga. Ofte kom dei så seint at det ikkje var tid til å behandla dei i eit ordinært sokneråds-møte. Då kom soknerådet saman rett etter den førstkommande gudstenesta og avgjorde saka, eller at formannen gjorde det åleine dersom det hasta endå meir.

Formålsparagrafen for soknerådet, slik den står i dagens kyrkjelov § 9, er nesten ordrett den same som står i lova frå 1920, eit godt bevis på at det faktisk er noko som er slitesterkt og toler «tidas tann».

Frå sokneråds-protokollen i Årdal sokneråd 7. mai 1922.

« Søndag 7 mai avholdt menighedsraadet møte. Der forhandles og besluttetes:

1. Kirkeorgelet skal stemmes og rengjøres. Arbeidet overlades udført av orgel-stemmer Ossian Mellin, Jørg. Moes gt 12 Stavanger, mot en godtgjørelse av kr 40,00.
2. Det besluttedes enstemmig at der av de offer og kollekter som ofres i kirken skal svares 10 – ti procent og disse skal tilfalde kirken.
3. Indvilgedes frelsesarmeen andragel som at faa Kirken overladt til consert av armeens sangerbrigade paa følgende betingelser: 1. Entreen skal være frivillig. 2. Der svares 10 % av indtægten. 3. Det er brigaden forbudt at tale i kirken. Det pålegges sokne presten at gi briga den underretning herom.

J.T. Lunde	Ola Selflaat
Jacob Dalene	Taarn Hetland
S. Langeland	G.G. Wallem

Velsigna vår usemje

Mange kritiserer kyrkja fordi vi som medlemmer er ueinige om så mykje: homofili, kvinnesyn, samlivsetikk, klima- og miljøpolitikk. Kritikarane hevdar at når folk er så ueinige, så vil kyrkja gå til grunne, for eit hus i strid med seg sjølv vil gå i indre oppløysning. Eg er heilt usamd. Det er eit av dei mest sentrale og sunne trekk ved kyrkja at ein ikkje berre tillet, men inviterer til usemje og debatt.

Tekst: John N. Nessa

MARTIN LUTHER SI SKULD

Det er Martin Luther si skuld alt saman. For 500 år sidan var vi ulærde og katolske her oppe i nord, som dei var det i resten av Europa.

Det var som regel uinteressant, og alltid uakseptabelt, å meine noko som helst om kva som var rett og gale. For det var det Paven og pavekyrkja som visste. Men så dukka det opp ein tysk munk. Han snudde alt på hovudet ved å tillate seg å meine noko om pavekyrkja. Han påstod at paven, den heilage og ufeilbarlege, var ein sim-

pel bedragar som lokka pengar frå dei fattige ved å selje avlatsbrev for å finansiere restaureringa av Peterskyrkja i Rom. Det var ikkje småtteri å hevde noko slikt den gongen, og Luther ville nok blitt eit hovud kortare eller brent på bålet hadde dette skjedd i Frankrike eller England. For der var det ei sentral statsmakt som fanga opp slike

vranglærarar. Men Tyskland hadde ikkje det. Dei hadde derimot småfyrstar som kunne ha interesse av å beskytte Martin Luther.

LUTHER ERSTATTA PAVEN MED TRE ÅNDELEGE PRINSIPP

Sola scriptura: Skrifta åleine. Bort

Sola scriptura:
Bort med alt som ikkje er i tråd med det Bibelen lærer

Sola gratia:
Vi fortener ikkje Himmelen sjølv om vi både skriftar og gjer gode gjerningar. Vi kan berre ta i mot frelsa av nåde, som ei ufortent gåve frå Gud

Sola fide:
Ikkje ved avlatsbrev og tilgjeving kunne ein bli frelst og fri, men ved at ein kjende og trudde seg forløyst av Gud åleine



med alt som ikkje er i tråd med det Bibelen lærer.

Sola gratia: Vi fortener ikkje Himmelen sjølv om vi både skriftar og gjer gode gjerningar. Vi kan berre ta i mot frelsa av nåde, som ei ufortent gåve frå Gud.

Sola fide: Ikkje ved avlatsbrev og tilgjeving kunne ein bli frelst og fri, men

ved at ein kjende og trudde seg forløyst av Gud åleine.

DET BIBELSKE SPRÅKET

Men skulle det vere Bibelen, og ikkje paven, som skulle bestemme kva som var rett og gale, måtte ein lese Bibelen. Og det var ikkje så enkelt. For Bibelen var berre tilgjengeleg på latin. Og folk

flest kunne knapt nok lese. Iallfall ikkje dei bibeltekstane som var oversett til tysk, og som hadde eit språk som var så ulikt vanleg tysk talemål at ingen forsto det. Erkebiskopen i Mainz meinte at det tyske språket var altfor rætt, altfor vulgært og altfor fattig på ord til at det kunne brukast som bibelspråk. Og sjølv sagt var også desse tekstane fordømt av den katolske kyrkja.

BIBELEN PÅ TYSK

Luther bestemte seg for å omsetje Bibelen til tysk. Han var sjølv fortruleg med både høgtysk og lågtysk. Og han ville finne eit tysk språk som både passa for Guds ord, og som kunne vere lesbart for den vanlege tyskaren. Med sin sedvanlege voldsomme energi sette Luther i gong med å omsetje Det nye testamentet i 1522. Han prøvde å skrive så likt tysk talemål som råd var. Og han laga mange tyske nyord for å få dette til. Etter berre elleve veker vart Luthers tyske nytestament lansert i Leipzig, og det selde som varmt kveitebrød. Teksten var lett å lese for alle, den var livaktig og autentisk.

NY VERDSKYRKJE

Luther var opphavet til ei ny verds-kyrkje. Men han skaper denne ved først å skape eit nytt tysk språk. Det språket var så vellukka og verknadsfullt at det på kort tid også smitta over på andre språk og langt ut over Tysklands grenser. Mange ord og fraser vi brukar i vanleg norsk, stammar frå Luthers nytestamente: sydebukk, av hjartans lyst, eit land som fløymer over av mjølk og honning. Vi kan knapt formulere nokre få setningar i vårt eige språk utan at vi, heilt umedvite, låner talemåtar frå Luthers nytestamente.

EIN ÅNDELEG REVOLUSJON

Dermed var revolusjonen i gong. Den åndelege revolusjonen. Den revolusjo-

nen som bestod i at folk kjøpte, las og tolka Bibelen på eiga hand, utan å spørje paven om kva dei skulle meine. Det blei opp til folk sjølv å bestemme kva som var rett og gale. For kvar enkelt måtte fortolke det dei las. Det betyr at dei måtte tenkje sjølv. Og bli sin eigen pave. Ja, vi skal halde oss til Bibelen. Vere bibeltru. Men Bibelen er ingen bruksanvisning, inga handbok for rette meiningar. Bibelen er eit bibliotek av ulike skrifter der alle slags meiningar, både akseptable og uakseptable, er representert. Bibelen er først og fremst sterke forteljingar, om Israels folk, om Jesus og om folka rundt han. Kvar enkelt må tolke det ein les og spørje seg sjølv kva dette betyr for eins eige liv. Dette betyr og at kvart enkelt menneske blir fritt og sjølvstendig, dei kan meine kva dei vil utan å bli bannlyst av paven eller støytt ut av kyrkja. Og kyrkja er for alle. For både mørkemenn og lysekvinner, for å seie det slik.

INGEN HAR MONOPOL PÅ SANNINGA

Dette har ført til at vi har fått ei demokratisk kyrkje, ei kyrkje styrt nedanfrå. Som i samfunnet elles, er det den allmenne stemmeretten som gjeld. Alle betyr like mykje, ingen har monopol på sanninga. Det skaper også ein dynamikk som gjer at livet både i kyrkjelydane og i samfunnet veks og utviklar seg, til beste for oss alle.

Så la oss lovprise den heilage, lutherske usemja om det meste.

Folka som budde heilt inne i Lysebotn var tøffare enn dei fleste. Ein gong drap dei ein bjørn med berre hendene på veg til kyrkja, mennene frå Lysebotn.

Tekst: Jone Laugaland

Teikning: Kåre Eikeland

I dag kan du reisa frå Lysebotn til Forsand på ein times tid med hurtigbåten «Lysefjord». For 150 år sidan brukte lysebuane seks timar på å ro til kyrkja på Forsand. Dei sette i veg på fjorden for å døypa ungane sine slik skikken var, men var ikkje alltid klar over om det blei gudsteneste på søndagen. Og i fjellsidene lurte rovdyra, både ulv og bjørn.

Det blei ein dramatisk tur då 18 menneske drog frå Lysebotn laurdag 10. oktober 1885 i ein åtringsbåt. Eit tre veker gammalt jentebarn, dotter til Siri og Halvard Auklend, skulle døypast i kyrkja på Forsand neste dag. Folk frå Lyse bruka to dagar når dei skulle til kyrkje. Dei skulle overnatta i Bergevik på Forsand natt til søndag.

I Håhellerlia gjekk det ein bjørn berre eit steinkast frå sjøen. Mennene i båten var raske til å bestemma seg. Dei ville ta bjørnen. Etter ein dramatisk kamp enda bjørnen i fjorden og blei drepen etterkvart. På laurdagskvelden kom kyrkjefolket til Forsand med dåpsbarnet og den daude bjørnen som seinare blei kalla Ingerbjørnen etter dåpsbarnet.

BJØRNEJAKTA LAGA SENSASJONSSTEMNING på kyrkjebakken på Forsand dagen etterpå. Det

Dåpsfart og bjørnedrap i Lysefjorden



Med berre hendene drap lysebuane bjørnen då dei skulle til kyrkja for å døypa eit barn.

blei reine valfarten ned til sjøhuset der bjørneskinnet hang på vegg.

Dei var gode kyrkjefolk i Lyse, men dei hadde ein hardfør kyrkjeveg. Når dei gamle lysebuane rodde til kyrkje på Forsand, med to mann med kvar sitt årepar, rekna dei vanlegvis at det tok seks timars tid frå båtstøa i Lyse til støa på Forsand.

Lysebuane brukte både kyrkja på Forsand og på Høle. Sommarsdagen kunne det bli ei strålande ferd på fjorden, men det var ikkje berre om sommaren dei skulle til kyrkje eller byen. Vêret og vindkasta kunne vera livsfarlege mellom fjella i Lysefjorden.

I boka «Båten og bygda», skriven av Jon Bergsåker, blir det fortalt om Marta Lyse, fødd i 1860-åra, som døyppte alle dei 12 borna sine i kyrkja på Forsand eller på Høle.

